

Møre og Romsdal fylke
Fylkeshuset
Julsundv.9
6404 MOLDE

Dykkar ref

Vår ref
05/1873-24 KRL

Dato
05.12.2007

Svar på søknad om forlenging av forsøk med einskapsfylke

Vi viser til brev av 19. juni 2007 frå Møre og Romsdal fylke med søknad om forlenging av forsøk med einskapsfylke. Vi viser også til brev av 9. september 2007 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal med innspel til søknaden om forlenging.

Søknaden om forlenging er handsama i nært samarbeid med Fornyings- og administrasjonsdepartementet, og departementa er einige om ei forlenging av forsøket med to år, jf § 3 i lov om forsøk i offentleg forvaltning. Einskapsfylket blir ført vidare innafor ramma som forskrift om Møre og Romsdal einskapsfylke set for forsøket.

Avgjerda må sjåast i lys av at forvaltningsreforma etter planen skal tre i kraft i 2010. Reforma vil føre til endringar i oppgåvefordelinga mellom fylkesmannsembetet og det regionale folkevalde nivået, og organisasjonen må førebu seg på desse endringane fram mot avslutninga av forsøket ved utgangen av 2009. Det er etter departementet si vurdering derfor formålstenleg å halde fram med nåverande ordning fram til 2010.

Vi viser og til brev av 19. november 2007 frå Møre og Romsdal fylke. Departementet vil ta kontakt vedrørande eit møte på nyåret om den vidare forsøksverksemda.

Med helsing

Anne Nafstad Lyftingsmo e.f.
ekspedisjonssjef

Kristin Lind
seniorrådgiver

Kopi til:

Finansdepartementet

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Helse- og omsorgsdepartementet

Justis- og politidepartementet

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Miljøverndepartementet

Nærings- og handelsdepartementet